

OM TANNHELSE

Fylkeseldrerådet i Hordaland oppmodar fylkestannlegen om at tannhelsetenester kjem inn under dei same reglane som gjeld for helsetenester ellers, med det som gjeld for eigenandelar ellers i helse-systemet.

Vi ber om at ordninga med tannhelsetenesta må oppretthaldast slik ho framstår som i dag.

Og talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar og andre institusjonar ikkje må verta reduserte. Og vi ber om at ambulerande tannklinikkar må dra rundt på sjukeheimar slik at bebruarane ikkje må dra lange vegar for å koma til nærmeste tannklinikkk. Det treng ikkje vera meir enn ein ambulerande tannklinikkk, men den må kunne nå over heile fylkeskommunen.

Fylkeseldreråda på Vestlandet; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, samla til møte 6. april 2017, uttalar uro over den framlagde proposisjonen med nye oppgåver til kommunane og forslaget om at kommunane skal overta tannhelsetenesta.

Etter å ha vore på felles studietur i Ålborg, ser fylkeseldreråda nytten av at det er tilgjengeleg lokalt tennhelsetilbod som til dømes kan ambulere i heimar for å enkel konsultasjon med vurdering av tannhelsestatus, tilby behandling i klinikk, og gje veiledning om å førebyggje tannhelseproblem.

Fylkeseldreråda vil likevel åtvara mot at ansvaret for tannhelsetenesta blir flytta til den einskilde kommune. Det er truleg få kommunar som er robuste nok til å sikre eit kvalifisert og forsvarleg tilbod. Det kan bli ulikskap i helsetilbodet og og tilgjenge av særleg behandling for utsette grupper, kan bli forringa.

Fylkeseldreråda på Vestlandet ber om at organiseringa av tannhelsetenesta vert vurderet grundig, og at ein tek alle problemstillingar i betraktning.